

Sølve Bergås  
Skarsvegen 705  
5911 ALVERSUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3918 - 21/58124

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
03.09.2021

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 148/6 Lilleskaret**

Tiltak: Oppføring av garasje  
Byggjestad: Gbnr: 148/6  
Tiltakshavar: Sølve Bergås  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 28.04.2021 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknad og tilleggsopplysningar motteke 02.09.21.

Meldinga har framleis manglar:

1. Det skal sendast søknad med ansvarsrettar i regi av ansvarleg søkjar/føretak for voll.
2. Søknad skal innehalde både erklæring frå fagkyndige for prosjektering av voll og utføring av voll.
3. Søknad skal innehalde gjennomføringsplan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Sølve Bergås

Skarsvegen 705

5911 ALVERSUND